

Til stades: Kari Tysnes Kjos, Tone Nygård, Berit Bergsvåg, Nils Vestbøstad, Helene Hystad, Unn Sara spissøy
Forfall: Mikal Saltvik

Sakliste:

1. Referat frå forrige møte 4.12.24
2. Årsmøte/Årsmelding
3. Mailsystemet
4. Ymse
5. Neste styremøte

punkt 1

Referat lest og godkjent.

Punkt 2

Årsmøte: Solidhuset bestilt til 21.02.24. Menyen er betasuppe og kaffi m kringle. God erfaring frå i fjor. Kjellaug Jota har sagt ja til invitasjonen, ho gleda seg til å møte oss i avdeling Sunnhordland. Invitasjon til medlemmer er lagt ut på sida vår, sendt mail og i brev til ei gruppe.

Tone sender ut frist for forslag til saker.

Valnemda har starta arbeidet, Tone etterspør framgong.

Kari leverte ferdig rekneskap for 2023 som skal hentast av revisor Bente Nysæter.

Me gjekk gjennom mal for årsmelding, Unn gjer den klar med innhald frå 2023.

Kari opplyser at me treng ikkje søkje til Onkelfondet. Unn oppdaterer kven som har gått bort i 2023, og skal minnst på årsmøtet.

Punkt 3

Det må byttes passord på Webmail ifølge Holger. Tone gjennomfører og opplyser oss om nytt passord.

Kari er igong med å slette mailer. Me bør så sant mogeleg sjekke mailen ein gong i veka.

Punkt 4

Alle i styret inviterer og minner medlemmane om årsmøtet 21.2.24.

Punkt 5

Neste styremøte: 8.2.2024 kl 1500

Adr. Hamnegata 2, Meierikvarteret.